

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - F03, TI - &75	15/138

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2015	Eldrerådet	PS	03.03.2015

Evaluering av tiltak med utlevering av strøsand til eldre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Strøsand til eldre i Masfjorden kommune er si sak eldrerådet tok opp i 2012. Dette er ikkje ei sak som har vore behandla i kommunestyret. Dette vart sett i verk som eit førebyggande tiltak som kan hindre fallulykker utanfor eigen heim på grunn av glatt vegar.

I møte den 12.09.13 hadde eldrerådet ein gjennomgang av kriteria og budsjett for utdeling av strøsand til dei eldre. Eldrerådet meinte at det ikkje skulle setje ei aldersgrense på kven som skulle få bestille. Eldrerådet meinte at ein ikkje trengte å setje kriteria for kven som skulle få utlevert, men at dei som ville ha strøsand måtte bestilt og betale pr. sekkk.

Eldrerådet kom til at praksis skulle vere:

- Kunngjering på heimesida og i Masfjordingen om at eldre som har behov for det kan bestille strøsand i sekker til ein pris på rundt kr. 100,- pr. sekkk (pris blir regulert etter kva sekkane kostar i innkjøp). Frist for bestilling må og stå.
- TML bestiller inn strøsand som er bestilt
- Administrasjon ordnar med at sekkane blir køyrt ut til dei som har bestilt.

Vurdering

Første året – vinteren 12/13 leverte TML ut strøsand gratis og fritt levert. Då fekk TML omsetnad på så godt som heile pallen (67 sekker a 15 kg).

Det var ikkje budsjettert med denne utgifta, så TML tok det på materiale til vintervedlikehald

kommunale vegar.

På bakgrunn av erfaringane frå første året diskuterte eldrerådet saka igjen. Deira tilbakemelding var at ordninga var svært positiv og skulle halde fram. Dei har ingen budsjettpost som kan dekke utgiftene, men meinte at det var greitt at TML tok betaling for sekkanne.

Ny palle med sandsekkar vart kjøpt inn. I tillegg til kostprisen pr sekk tok TML eit påslag for henting av palle i Åsane og for levering på døra til dei som bestiller – så prisen enda på kr 75 pr sekk – eit svært gunstig tilbod. TML stiller heller ingen krav til alder, førlighet eller anna for dei som vil ha sand.

For sesongane 2013/14 og 2014/15 har vi informert om sal av sandsekkar både i «Masfjordingen», i Stilen – fulldistribusjon – og på heimesida.

Det har vore svært liten interesse – i underkant av 20 sekkar er levert samla for dei to sesongane.

Årsaken til at det er så få som har nytta seg av denne ordninga i 2013/2014 og 2014/2015, kontra 2012/2013 kan vere fleire. Dette har ikkje administrasjonen vurdert, men ei evaluering av denne ordninga er viktig.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Eldrerådet - 003/2015

ER - behandling:

Tilbakemeldingane eldrerådet har fått på denne ordninga er positive. Eldrerådet ynskjer at kommunen fortsetter med utlevering av strøsand.

Årsak til mindre bruk kan vere lite is på vinteren.

ER - vedtak:

Tiltak med utlevering av størsand blir vidareført.

